



Vår referanse:  
24/4163, 24/79054

Arkivkode:  
460 &00

Dato:  
30.07.2024

## **Forskrift om permisjon frå skulen Gjeldande frå 01.08.2024**

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ålesund kommune 20.juni 2024 med heimel lov 09.juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 2-2.

### **§ 1 Formål og verkeområde**

Forskrifta gir informasjon om kva retningslinjer som gjeld for søknad om fri/permisjon frå skulen utanom dei oppsette ferie og fridagane gjennom skuleåret (skuleruta).

Forskrifta gjeld for alle dei kommunale grunnskulane i Ålesund kommune.

### **§ 2 Forsvarligheit**

Elevar kan kun få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

### **§ 3 Faste prøver**

Det skal ikkje innvilgast permisjon i periodar med:

- Statlege kartleggingsprøvar
- Nasjonale prøver
- Eksamenar og tentamenar, skriftleg og munnleg, inkludert førebuingstid.

### **§ 4 Øvre grense for permisjon per skuleår**

Elevar kan ikkje få permisjon i meir enn 10 skuledagar per skuleår.

### **§ 5 Permisjon i 1-3 dagar per skuleår.**

Søknad om permisjon i 1-3 dagar i løpet av eit skuleår skal innvilgast, dersom vilkåra i §§ 2-4 er oppfylt.

### **§ 6 Permisjon i 4-10 dagar per skuleår**

Søknad om permisjon i 4-10 dagar skal innvilgast, dersom vilkåra i §§ 2-4 er oppfylt og tungtvegande grunnar talar for det. Tungtvegande grunnar kan t.d vere spesielle arrangement

eller markeringar knytt til politisk arbeid, organisasjonsarbeid eller familie, deltaking i idrettsleg eller kulturell konkurranse/stemne/treningsamling på regionalt, nasjonalt eller internasjonalt nivå.

Vilkår for fri i 4-10 dagar er at foresatte tek ansvar for oppfølging av elevane sine arbeidsplaner/fagplaner/lekser i samråd med kontaktlærer.

## **§ 7 Sakshandsaming**

- Søknad om fritak/permisjon frå skulen skal skrivast på fastsett skjema, og normalt sendast vedkomande skule seinast fire veker før eleven sin aktuelle permisjon startar.
- Unntaket frå denne regelen er søknadar om fri for inntil tre dagar. Slike søknader sendast direkte til kontaktlærer gjennom dei kanalar ein bruker til kommunikasjon. Kontaktlærer behandlar slike søknader ut frå dei generelle forutsetningane for å kunne søke om permisjon/fri, slik desse er beskrive i denne forskrifta.
- Vedtak om fritak/permisjon frå skulen er ein enkeltvedtak etter forvaltningslova.

## **§ 8 Ikraftsetting**

Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.08.2024.